

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: 1

Tal uprenta vedlegg: 4

Fylkesbiblioteket si rolle framover**⋮ Sett inn innstillingen under denne linja ↓****Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Hovudutvalet tek til vitande dei endringar som vert skissert for fylkesbiblioteket sine oppgåver.
- 2 Sogn og Fjordane fylkesbibliotek si mediesamling, med unntak av mobilsamlinga, vert frå og med 1. januar 2012 stilt til disposisjon for Førde bibliotek.
- 3 Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå partnarskapsavtale med Førde kommune om utføring av bibliotektekniske oppgåver innan følgjande tenester
 - a. Fjernlån
 - b. Lokalsamling
 - c. Klasesettsamling
- 4 Fylkesrådmannen for fullmakt til å inngå leigeavtale med Førde kommune om magasinlokale i Førdehuset for mobilsamlinga.
- 5 Dei skisserte endringane skjer innan fylkesbiblioteket sine økonomiske rammer.

⋮ Sett inn innstillingen over denne linja ↑**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**Prenta vedlegg:

1. Utgreiing om fylkesbiblioteket si rolle framover

Uprenta vedlegg:

1. St.meld.nr. 23(2008-2009) Bibliotekutvikling
2. Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014
3. Retningslinjer for fylkesbibliotek
4. Bibliotekreform 2014

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014 vedteken i Fylkestinget 14. desember 2010. Planen fungerer som fylkesbiblioteket sitt måldokument. Plandokumentet slår m.a. fast:

Strategi 1.4 Styrkje fylkesbiblioteket si rolle som kompetansesenter og regional utviklingsaktør

Handlingsprogrammet for fylkesbiblioteket vart vedteke i Hovudutval for kultur 2. februar i år. Her er denne strategien konkretisert til tre tiltak:

1. Styrkje fylkesbiblioteket si rolle som strategisk planleggjar i samspel med staten og kommunane
2. Setje i gang organisasjonsutvikling ved fylkesbiblioteket
3. Samarbeidsavtaler med Førde kommune/bibliotek skal reforhandlast.

Organisering av utgreiingsarbeidet

Fylkesdirektøren sette ned ei arbeidsgruppe som skulle greie ut korleis denne strategien kan realiserast og i utgreiingsarbeidet skulle det særleg leggjast vekt på:

- Korleis fylkesbiblioteket kan reindyrke si rolle som kompetansesenter og regional utviklingsaktør
- Modellar for korleis løyse prioriterte driftsoppgåver framover

Disse punktane skulle vurderast opp mot framleis lokalisering i Førdehuset og evt flytting til andre lokale (Storehagen Atrium).

Følgjande vart oppnemnde til arbeidsgruppa av fylkesdirektøren 31. mai 2011:

Bjarte Solaas, KA - leiar
Bjarnhild Samland, KA
Ingrid Dræge, FBIB
Anja Angelskår Mjelde, FBIB
Ágúst Magnússon, FBIB - skrivar

Utgreiinga vart levert fylkesdirektøren 31. august 2011 og følgjer som vedlegg 1 i saka.

2. VURDERING OG KONSEKVENSA

Utgreiingsarbeidet er ei konkretisering av føringar i Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane, vedteke i FT-sak 55/10. Dette plandokumentet byggjer på statlege dokument som *Bibliotekreform 2014, Retningslinjene for fylkesbibliotek, St. meld.nr. 23 (2008-2009) Bibliotek*.

Lov om folkebibliotek pålegg kommunane å ha eigne bibliotek. Fylkeskommunane er pålagt å ha eit fylkesbibliotek. Både lov og forskrift er i endring i retning mindre pålegg og større rom for eigne val med omsyn til organisering, oppgåveprioritering, osv. Dette gjeld først og fremst for fylkeskommunane, og det opnar seg her eit handlingsrom som fleire fylkeskommunar alt har gjort seg nytte av.

For å kunne frigjere tid og ressursar til utviklingsarbeid ved fylkesbiblioteket, er det ein del oppgåver som både kan og bør overførast til eit lokalt folkebibliotek. Fleirtalet i arbeidsgruppa gjer difor framlegg om at Førde bibliotek overtek delar av fylkesbiblioteket si mediesamling, og ta fylkeskommunen går i dialog med Førde kommune om å lage partnerskapsavtale om

fjernlånsteneste, lokalhistorisk samling og klassesettsamling. Den delen av mediesamlinga som vert nytta i høve bokbåten vert inntil vidare verande i fylkeskommunal eige.

Desse endringane er i tråd med intensjonane i *Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014* og nasjonale føringar. Fylkesbiblioteket sine arbeidsoppgåver vil då kunne sette større fokus på utviklingsarbeid og koordinering. Driftsoppgåver vert nedprioriterast for å skaffe rom for innsats inn mot utviklingsoppgåver, m.a. det å drive kompetansefremjande verksemd retta mot biblioteka i fylket. Parallelt med at desse endringar i oppgåver vert gjennomført, har det også vore fylkesrådmannen sitt ønskje å få til ei samlokalisering av fylkesbiblioteket med kulturavdelinga. Dette ligg det til rette for frå årsskiftet 2010/2012. Gjennom denne samlokaliseringa vil det bli det særleg bli lagt vekt på å utvikle innsatsen rundt kulturformidling og det lokale utviklingsarbeidet.

Eit mindretal i arbeidsgruppa meiner dei skisserte endringane har for store bibliotekfaglege ulemper til at ho kan gå inn for dei.

Ettersom bokbåten framleis er ei teneste fylkeskommunen skal ivareta, må fylkeskommunen leige magasinkapasitet i Førdehuset til den delen av mediesamlinga som skal nyttast på båten. Det ligg i fylkestinget sitt vedtak frå des 2010 at tenesta skal evaluerast i løpet kommande periode. Fylkesdirektøren legg opp til at dette arbeidet vert gjort i 2012 med tanke på vidare avklaring.

Fylkesdirektøren legg til grunn at dei endringane som vert skissert i denne saka, skal løysast innan dei økonomiske rammene som fylkesbiblioteket disponerer.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Endringane av oppgåver som er tilrådd i utgreiinga frå arbeidsgruppa og nemnde i saksutgreiinga opnar for at fylkesbiblioteket kan auka sitt fokus på utviklingsrolla og verte eit ressurs- og kompetansesenter for folke- og skulebiblioteka i heile fylket. Innsatsen skal også bidra til lokal samfunnsutvikling. Endringane samsvarar med krav til omstilling i *Bibliotekmeldinga, Bibliotekreform 2014* og til *Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014*.

Det er lagt til grunn at kostnadane i høve dei endringane som er skissert i saka, skjer innanfor fylkesbiblioteket sine eksisterande budsjetttrammer.

... Sett inn saksutredningen over denne linja [↑](#)